Kapittel 1 Generell introduksjon

1.0 Innleiing

> Røros og Tynset er helt forskjellige dialektmessig. På Tynset snakker de mer Oslo-dialekt. Det er i grunnen veldig rart for ellers i Østerdalen snakker de mer dialekt enn på Tynset. Rørosingene mister også mer av sin dialekt. Det er vanskelig å finne mange ungdommer som holder på dialekta si. De blir påvirket og om noen år tror jeg det vil være lite dialekt igjen. Rørosingene er veldig opptatt av å ta vare på sin kultur, da er det rart at de ikke bevarer dialekta si. Den er jo en del av kulturen. (Gut 17 år Røros).[1]

Denne nokså pessimistiske framtidsvisjonen tematiserer på mange måtar det som er utgangspunktet og bakgrunnen for denne komparative studien av dialektnivellering i dei to kommunane Røros i Sør-Trøndelag og Tynset i Nord-Østerdalen. Det denne unge guten skriv om dialektsituasjonen på Røros og Tynset, rommar fleire av dei spørsmåla det er interessant å stille her. Er dialektutviklinga på Røros og Tynset så forskjellig? Snakkar folk på Tynset oslomål, og kvifor gjer dei i tilfelle dét? Er dialektbruken på Røros også i ferd med å falle bort, og kvifor skulle i så fall dét skje på ein slik tilsynelatande kultur- og tradisjonsbevisst plass?

Røros og Tynset ligg knappe fem mil frå kvarandre, men tilhøyrer ulike regionar både administrativt og historisk. Det går dessutan eit naturleg skilje mellom dei to områda, då dei ligg på kvar si side av vasskiljet. Tradisjonelt tilhøyrer dei også ulike dialektområde – trøndersk og østerdalsk (sjå diskusjon i kap. 2, pkt. 2.4). Det som gjer det interessant å studere og samanlikne desse to bygdebyane, er mellom anna at den språklege utviklinga ser ut å divergere både når det gjeld endringsretning og endringsfart. Det mest gjennomgåande synet blant ungdom på Røros og Tynset er likevel at dialektane på begge dei to plassane er i ferd med å bli borte:

> Dialektbruken er omtrent borte her, folk snakker til dels utrolig (!) fint – nesten som "byfolk" fra Oslo. Jeg tror at det bare er de eldre som snakker litt dialekt. (Gut 17 år Tynset).

> Det er ikke så mange som prater rent tynsetmål lengere – det er blitt utvanna fra andre dialekter/ bokmål. (Jente 17 år Tynset).

> Den eksisterer ikke, bare hos gamle folk og et par bønder. (Gut 17 år Tynset).

> Dialekta på Røros er i ferd med å forsvinne. Jeg kjenner ikke mange som snakker "ekte" rørosdialekt. Jeg antar at det er mange innflyttere her, og dessuten blir dialekta påvirket fra andre områder. (Jente 17 år Røros).

[1] Dette sitatet og sitata nedafor er henta frå ein skriftleg enquete som kring 200 ungdomar på Røros og Tynset svarte på hausten 1997. Sjå pkt. 1.1.4 og kap 7, pkt. 7.1.2.4 og vedlegg 7.1.

> Folk tror de er mer moderne og hippe hvis de snakker Trondhjem eller Oslo dialekt, og dermed dropper de å snakke rørosing. Litt patetisk egentlig. Spesielt ungdom. (Gut 17 år Røros).
>
> De som har tenkt å bli boende her (dvs. dem som går på mekaniske studieretninger) legger seg til en "brei" dialekt, men vi som ønsker oss vekk jo før jo heller, snakker noe mer "avslepet" (Gut 17 år, Røros)

Er det verkeleg slik at ungdom på stasjonsbyen Tynset snakkar oslomål, slik fleire av ungdomane ser ut til å meine? Og er dialekten i Bergstaden Røros i dramatisk endring? Kva vil det eigentleg seie at ingen snakkar "rent tynsetmål" eller "ekte rørosdialekt", og kva blir eventuelt desse "ekte" dialektane erstatta med? Og sist men ikkje minst, kvifor skjer desse endringane; er det påverknad frå "bokmål", er det fordi ungdomen vil stå fram som "byfolk", er det på grunn av alle innflyttarane eller er det fordi ungdomen vil vere meir moderne og hippe, slik nokre av ungdomane meiner? Eller er det, som enkelte er inne på, slik at dialektbruk er avhengig av kven du er, kven du vil assosiere deg med og kvar du planlegg framtida di? Dette er blant dei spørsmåla eg vil stille i denne avhandlinga, som i hovudsak vil dreie seg om *dialektnivellering*, *ungdom* og *identitet*.

Dialektnivellering blir i denne samanhengen sett på som eit dynamisk *dialektkontakt-fenomen* som har den langtidseffekten at den reduserer den strukturelle avstanden mellom dialektar (jf. Hinskens 1996). Endringar i eit lingvistisk system, vere seg eit språk eller ein dialekt, kan i mange tilfelle *auke* den strukturelle avstanden til andre språk eller dialektar. Dialektnivellering har aldri slike konsekvensar, men vil tvert om altså *redusere* avstanden mellom dei lingvistiske systema som er involverte. Dialektnivellering kan både gå føre seg mellom dialektar, såkalla horisontal nivellering, og mellom dialekt og standard, såkalla vertikal nivellering. Nivelleringa kan altså skje på fleire nivå samtidig – både langs eit *horisontalt kontinuum* og langs eit *vertikalt hierarki* (jf. Auer & Hinskens 1996, Auer 2000a). Eg vil kome nærare attende til bruken av termen dialektnivellering og tidlegare forsking kring dette emnet i kapittel 3, og let dette førebels stå som ein første introduksjon til temaet.

Dei siste 20 åra har ein rekkje sosiolingvistar, særleg europeiske, brukt dialekt-kontakt som rammeverk for studiet av dialektendringar. Eit sentralt verk i den samanhengen er ikkje minst Peter Trudgill si bok *Dialects in Contact* (1986). Dialektkontakt som rammeverk har synt seg særleg nyttig og nærast påkravd i situasjonar som er karakterisert ved stor sosial eller geografisk mobilitet. Slik mobilitet let seg ikkje så lett handsame innafor eit klassisk labovsk rammeverk. Sidan ei rekkje språklege endringar kan førast attende til kontakt mellom nært relaterte varietetar, er det, slik Kerswill (1994) påpeiker, overraskande at språk- og dialektkontakt i såpass *liten* grad har vorte bygd eksplisitt inn i

det teoretiske og metodiske rammeverket til variasjonistisk sosiolingvistikk – som jo nettopp har hatt som eit av sine mål å skildre språklege endringar i eit samfunn. Ei rekkje europeiske sosiolingvistar har likevel brukt dialektnivellering og dialektkontakt-perspektivet som utgangspunkt i studiet av språkleg variasjon og endring (jf. ved sidan av Trudgill 1986, t.d. Hinskens 1996, Auer & Hinskens 1996, Pedersen 1996, Kerswill 1994, 2002a, Auer 2001). Studiet av dialektkontakt og dialektnivellering i Europa har ikkje minst fått eit kraftig oppsving dei siste åra i samband med nettverket *"The Convergence and Divergence of Dialects in a Changing Europe"* (1996-1999), og all den forskings- og konferanseaktiviteten som sprang ut av dette nettverkssamarbeidet. I Noreg har prosjektet Talmålsendring i Noreg (TEIN) på same måte ført til ei viktig og rettkomen revitalisering av dette forskingsfeltet.

Fleire av forskarane innafor dette feltet kallar gjerne det dei driv med for "social dialectology", eller på norsk *sosial dialektologi* – og ikkje sosiolingvistikk eller dialektologi. Dette signaliserer at det er eit forskingsfelt som tek utgangspunkt i dialektologien, men som i tillegg har eit eksplisitt sosialt eller sosiolingvistisk fokus, og som dessutan har dialektkontakt som rammeverk. Mi avhandling plasserer seg klart innafor feltet sosial dialektologi, og hentar dermed mykje metodisk og teoretisk inspirasjon både frå dialektologien og frå sosiolingvistikken. Dessutan står dialektkontaktperspektivet svært sentralt i avhandlinga.

1.1 Presentasjon av avhandlinga

1.1.1 Empirisk siktemål

Det empiriske siktemålet med denne avhandlinga er å studere språkleg variasjon og endring, eller meir presist dialektnivellering, med utgangspunkt i talemålet til *unge* språkbrukarar på Røros og Tynset. Eg ønskjer vidare å undersøke om eventuelle endringar i frammarsj kan knytast til fenomena *språkleg regionalisering* eller *språkleg standardisering*. Med språkleg regionalisering forstår eg her ein prosess der regionale variantar vinn innpass i eit område til fordel for lokalt baserte variantar, og med språkleg standardisering forstår eg ein prosess der standardformer fortrenger lokale dialektformer. Begge desse prosessane kan ha framvekst av meir regionalt baserte talemål som resultat, men ei einsidig språkleg standardisering vil på sikt kunne føre til overgang til eit meir standardprega talemål (sjå diskusjonen i kap. 3). Det empiriske materialet for studien er

primært talemålet til ungdomar frå sentrum av dei to kommunane, men eg har også med informantar frå foreldregenerasjonen. Ei samanlikning av ungdomens og foreldre-generasjonens språk vil kunne gi ein indikasjon på ei mogleg diakron utvikling (jf. hypotesen om synkrone generasjonsstudiar, kap. 4). Tradisjonelle dialektologiske skildringar av dialektane i dei to områda fungerer som basismateriale for granskinga (først og fremst Reitan 1926, 1932). Sjølv om det er eit mål å samanlikne dialektutviklinga på dei to plassane, vil det likevel vere eit noko større fokus på Røros enn på Tynset. Derfor har eg også noko fleire informantar frå Røros enn frå Tynset (sjå kap. 7).

Det munnlege datamaterialet vil transkriberast og deretter analyserast ved hjelp av både kvantitative og kvalitative metodar. I første omgang vil realiseringa av ulike variantar av dei språklege variablane bli analyserte i høve til dei sosiale dimensjonane alder og stad, slik at ein i neste omgang kan samanlikne dei språklege utviklingstendensane i dei to områda (sjå kap. 8). Eg vil dessutan kartleggje variantfordelinga hos kvar einskild informant, for på den måten å kunne seie noko om den inter- og intraindividuelle variasjonen ved kvart enkelt språktrekk. Dei enkelte språktrekka vil også bli grundig diskuterte med omsyn til meir internspråklege tilhøve som kan ha innverknad på nivelleringsretning eller nivelleringsfart.

I den neste delen av analysen vil eg forsøke å få eit meir overordna og heilskapleg bilete av det empiriske materialet ved å sjå alle dei sosiale og språklege variablane i samanheng, og prøve å få oversikt over det spekteret av sosiale korrelat som kan ha innverknad på nivelleringsgrad og -retning. Til dette føremålet vil eg ta i bruk korrespondanseanalyse – ein utforskande multivariat statistisk analysemetode (jf. kap. 9). Målet med denne delen av analysen er å forsøke å finne fram til det systemet av relasjonar som eksisterer mellom dei ulike sosiale og språklege variabelkategoriane. Analysen forsøker dessutan å kartleggje korleis enkeltindivida plasserer seg i dette landskapet. I korrespondanseanalysen er plasseringa av ein variabel gitt ut frå variabelen sin relasjon til alle dei andre variablane. Denne analysemodellen opnar dermed for ei *relasjonell* tenking (jf. Bourdieu 1995). Analysemetoden opnar dessutan for ei såkalla "felttenking" i staden for "punkttenking". Det vil seie at ein ser på korleis større sosiale og språklege felt interagerer, i motsetnad til korleis enkeltpunkt samvarierer. I staden for å vurdere tydinga av enkeltståande sosiale kategoriar opp mot dialektbruk, er altså målet her å sjå om det utkrystalliserer seg bestemte språklege og sosiale *praksisfelt*. Denne analysemetoden er særleg interessant innafor sosiolingvistikken og den sosiale dialektologien, sidan ein her ofte står overfor komplekse situasjonar der mange variablar verkar samtidig.

Eit siste empirisk siktemål er å sjå nærare på kva dei unge informantane sjølve seier om språkutviklinga på Røros og Tynset, og om sine eigne språklege val og preferansar. Eg vil aktivt bruke den innsikta og kunnskapen som har kome fram gjennom intervjua med informantane i form av referat og sitat undervegs i ulike delar av avhandlinga. Eg vil dessutan studere nærare nokre utvalde informantar som på kvart sitt vis kastar lys over ulike aspekt ved endringstendensane på dei to plassane, og som representerer ulike teoretisk interessante *typar* som kan gi innsikt av meir allmenngyldig karakter (sjå kap. 10). Gjennom informantportretta er det slik eit mål å stifte nærare kjennskap med den prototypiske dialektbevararen, den typiske dialektnivelleraren og med ungdom som har meir hybride språklege og sosiale profilar. Informantane målber dessutan generelle problemstillingar som gir rom for å trekkje inn teoretiske drøftingar undervegs.

1.1.2 Teoretisk siktemål

Det overordna teoretiske siktemålet i denne avhandlinga er å prøve å finne ut *kvifor* enkeltindivid og grupper av individ orienterer seg som dei gjer i det språklege og sosiale mangfaldet på Røros og Tynset. Målet er først og fremst å kome fram til relevante forklaringar på kvifor det eventuelt går føre seg ei nivellering av dialektane i desse to områda – trass i at dialektbruk allment sett har fått auka status og utvida domene i Noreg dei siste 30 åra (jf. t.d. Sandøy 2000, Jahr 1997, Omdal 1995).

Det vil primært bli lagt vekt på forklaringsmodellar som ser dialektnivellering i høve til *språkeksterne* faktorar, så som sosiokulturelle, demografiske og psykologiske tilhøve, dvs. både makro- og mikrososiologiske forhold. Også *språkinterne* tilhøve vil sjølvsagt kunne trekkjast inn der det er relevant. Det vil vere eit mål å prøve å nå ei djupare *forståing* av dei igangverande endringsprosessane, ved å avdekkje kva for underliggjande motivasjonar enkeltindivid kan ha ved val av språkleg tilpassing, og å sjå på andre motiverande mekanismar på samfunnsnivå. For å finne relevante forklaringar på dei variasjonsmønstra som avteiknar seg på Røros og Tynset, vil det altså vere eit mål både å lytte til informantane sine eigne opplevingar, vurderingar og tolkingar av den språklege røyndomen dei lever i, og samtidig forsøke å rekonstruere dei meir skjulte sidene ved praksisformene deira (jf. Bourdieus kunnskapsteoretiske forståingsramme, t.d. Bourdieu 1994a). Det enkelte mennesket har ikkje nødvendigvis full oversikt over alle vesentlege aspekt ved sine eigne handlingar og motiv for handlingar. Ulike sosiale og strukturelle makroforhold vil alltid, om enn i ulik grad, vere verksame utan at dette nødvendigvis er

klart for aktørane sjølve. Derfor er det, slik Bourdieu (1994a, b) framhevar, viktig å kartleggje og klarleggje dei sosiokulturelle og samfunnsstrukturelle faktorane på det sosiale *makroplanet* som er med på å strukturere praksisformene (sjå kap. 5). På den andre sida er det først når vi trekkjer inn *mikroplanet,* og ser på kva for konsekvensar makro-endringar har for det enkelte individet i samspel med andre, at vi kan få ei djupare forståing av heile prosessen.

I den teoretiske diskusjonen vil eg trekkje inn makrososiologiske teoriar som diskuterer modernitetens verknader for samfunnet og for enkeltmenneskets livsvilkår og sjølvidentitet, og likeins teoriar som tek opp forholdet mellom moderne og tradisjonelle samfunnsformer og -strukturar (jf. kap. 5). I denne drøftinga er det først og fremst dei makrososiologiske teoriane til sosiologar som Anthony Giddens (t.d. 1994, 1996) og Pierre Bourdieu (t.d. 1977, 1991, 1995) som vil stå i sentrum. Der Giddens og andre modernitets-sosiologar er opptekne av korleis det moderne livet fristiller mennesket frå tradisjonelle rammer og plasserer det overfor ei rekkje nye *identitetsdilemma*, er Bourdieu oppteken av korleis ulike sosiale og samfunnsstrukturelle rammer framleis er med på å setje grenser for menneskets val- og livsmoglegheiter. I tillegg til desse meir overordna sosiologiske samfunnsteoriane vil eg også trekkje inn individual- og sosialpsykologiske teoriar, og på den måten prøve å integrere både makro- og mikrososiologiske perspektiv. I den samanhengen vil omgrepa *identitet* og *tilhørsle* stå særleg sentralt (jf. kap. 5).

Eit grunnleggjande utgangspunkt for avhandlinga er at val, bevisste eller ubevisste, av talemål er nært forbunde med den personlege og sosiale identiteten den enkelte sosiale aktør ønskjer å signalisere overfor omverda (jf. Le Page & Tabouret-Keller 1985, Giles m.fl. red. 1991). Le Page & Tabouret-Keller (1985) karakteriserer all språkbruk som uttrykk for individuelt motiverte "acts of identity", der val av lingvistisk kode blir sett på som ei form for *identitetshandling*. Ifølgje denne modellen, som gjerne blir kalla for *identitetsprojeksjons-modellen*, synleggjer individet sin identitet, sine tilhørsleforhold og si søking etter sosiale roller ved hjelp av språket. Gjennom språkvala sine viser individet kor det høyrer heime – eller ønskjer å høyre heime – både geografisk, sosialt og etnisk, og kva for grupperingar det ønskjer å identifisere seg med. Andre teoriar som vil bli trekte inn i den teoretiske drøftinga i tillegg til identitetsprojeksjons-modellen, er *tilpassingsteorien* (jf. t.d. Giles 1973, Giles & Smith 1979, Giles & Powesland 1997) og *den sosiale nettverksteorien* (jf. t.d. Milroy 1980, 2002). Begge desse teoriane er velkjende innafor sosiolingvistikken, og er teoriar som konkretiserer identitet ved å sjå på tilhørsleforhold av ulike slag.

Sidan det primære utgangspunktet for prosjektet er språkleg variasjon og endring, samtidig som det blir lagt vekt på den grunnleggjande identitetsskapande funksjonen til språket, inneber det at dokumenterte språkendringar potensielt impliserer at det har skjedd visse forskyvingar i dei sosiale aktørane si *identitetsoppleving* i høve til tidlegare generasjonar. Det vil seie at sjølvforståinga og orienteringa til ungdomen og kjensla deira av lokal tilknyting og posisjon i det sosiale feltet, kan vere forskjellig frå foreldre-generasjonen. Sidan det er eit mål å undersøke om eventuelle endringar i frammarsj heng saman med ei meir generell språkleg regionalisering eller standardisering (jf. pkt. 1.1.1), vil omgrepa *stad*, *lokalitet* og *region*, og *lokal* kontra *regional* tilhørsle også kome til å ha ein viktig plass i den teoretiske drøftinga.

1.1.3 Utgangspunkt og forskingsspørsmål

Eit sentralt utgangspunkt for avhandlinga er at talemålet til *unge* språkbrukarar vil vere ein god indikator på korleis talemålet i eit område vil kunne kome til å utvikle seg. Denne utgangshypotesen vil bli nærare drøfta og problematisert i kapittel 4. Eit anna sentralt utgangspunkt er som nemnt at val av talemål er nært forbunde med den identiteten sosiale aktørar ønskjer å signalisere overfor omverda. Dei ulike forskingsspørsmåla som eg blant anna håpar å finne svar på i løpet av avhandlinga, er om:

- eventuelle endringar i frammarsj er eit utslag av horisontal eller vertikal dialektnivellering
- eventuelle endringar kan knytast til fenomenet språkleg regionalisering
- dei språklege endringsprosessane fører til framvekst av regionale talemål
- rørosdialekten primært konvergerer mot trondheimsmålet (dvs. ein regional urban varietet), medan tynsetdialekten primært konvergerer mot oslomålet (dvs. ein delvis overregional varietet, "standard austnorsk")
- endringsfarten er ulik i dei to samfunna, og om Tynset har høgast endringsfart
- tilhørsle i eller identifikasjon med ulike ungdomsgrupper har innverknad på dialektbruken hos ungdom på dei to plassane
- sosiokulturell orientering har innverknad på dialektbruk hos ungdom på dei to plassane på det viset at lokal orientering og aktivitet innafor tradisjonelle aktivitetsfelt fremjer dialekt-bruk, medan urban orientering og aktivitet innafor moderne aktivitetsfelt fremjer dialekt-nivellering
- eigne og andres haldningar til heimplassen og til dialekten har innverknad på dialektbruk hos ungdom på dei to plassane
- grad av positiv identitetskjensle (eller etnolingvistisk vitalitet) knytt til dei to plassane har innverknad på dialektbruk

Eit anna viktig spørsmål er om det er slik at den geografiske utbreiinga av eit språktrekk har innverknad på kor stabilt eller resistent det aktuelle trekket er. Ut frå dette spørsmålet har eg etablert følgjande nullhypotese:

> H_o: Den geografiske utbreiinga av eit trekk tyder ingenting for kor stabilt/resistent eit språktrekk er.

Dei forskingsspørsmåla som er skisserte ovafor, dannar ei viktig plattform og er sentrale startpunkt for oppbygginga og struktureringa av denne avhandlinga. Men vel så viktig som å finne svar på desse spørsmåla, er det å generere *nye* spørsmål eller hypotesar som kan danne utgangpunkt for vidare teoretiseringar og for nye studiar.

1.1.4 Materiale

Sidan eit av utgangspunkta for prosjektet er at talemålet til *unge* språkbrukarar med størst sannsynlegheit vil kunne fortelje noko om kva for retning talemålsutviklinga i eit område vil kome til å ta, er hovuddelen av informantane ungdomar i alderen 16-18 år. Dei fleste ungdomane er dessutan frå sentrum av dei to kommunane, sidan innovasjonar oftast viser seg å dukke først opp i sentrumsstrok (sjå kap. 4). Dei unge informantane vart rekrutterte frå Røros vidaregåande skule og Nord-Østerdal vidaregåande skule på Tynset. Informantane vart plukka ut på basis av ein enquete som i overkant av 200 ungdomar, om lag 100 på kvar av dei to plassane, svarte på (sjå kap. 7, pkt. 7.1.2.4 og vedlegg 7.1). Eg hadde ingen andre kriterium for å velje ut aktuelle informantar enn at dei måtte ha budd mesteparten av livet sitt på Røros eller Tynset. Det innsamla materialet er sett saman av halvstrukturerte uformelle intervju med 40 ungdomar frå dei to kommunane (individuelt eller to og to). Nokre av informantane var òg med på gruppeintervju (3 i kvar gruppe). I tillegg til dette har eg individuelle intervju med nokre få informantar frå foreldre-generasjonen, seks frå Røros og fire frå Tynset. Det har ikkje vore høve til å transkribere heile dette materialet. Derfor har gruppeintervjua ikkje vorte transkriberte, og eg har heller ikkje transkribert alle samtalane med dei unge informantane. Av dei totalt 40 opptaka med ungdomane er femten av rørosintervjua og tolv av tynsetintervjua transkriberte. Alle ungdomane fekk tilsendt eit spørjeskjema om lag eit år etter intervjuet (sjå vedlegg 7.4). Målet med dette skjemaet var å samle inn utfyllande opplysningar med omsyn til sosialt nettverk, haldningar, livsstil og framtidsplanar. Opplysningane frå dette

Informantar

RØROS	**TYNSET**
Unge:	
5 jenter, allmennfag	4 jenter, allmennfag
5 gutar, allmennfag	5 gutar, allmennfag
5 gutar, yrkesfag	2 gutar, yrkesfag
	1 jente, yrkesfag
Vaksne:	
3 kvinner	1 kvinne
3 menn	3 menn
Til saman:	
21 informantar	16 informantar

skjemaet vil fungere som utfyllande informasjon og vil hovudsakleg bli brukt i den kvalitative analysedelen (sjå kap. 10). Som nemnt i pkt. 1.1.1, vil hovudfokus for granskinga vere på Røros. Derfor har eg valt å ta med fleire informantar frå Røros enn frå Tynset. Innsamlinga av materialet blir inngåande diskutert i kapittel 7. I dette kapittelet får vi samtidig ein presentasjon av informantane.

1.1.5 Strukturen i avhandlinga

Avhandlinga består av i alt elleve kapittel. Etter dette introduksjonskapittelet følgjer kapittel 2, der dei to geografiske lokalitetane som står i fokus for granskinga, Røros og Tynset, blir presenterte. Historisk bakgrunn, demografi og samfunnsutvikling er blant dei temaa som blir diskuterte her. I dette kapittelet finn vi dessutan ein presentasjon av dei tradisjonelle dialektane i dei to bygdebyane og ein diskusjon av den dialektgeografiske plasseringa av høvesvis rørosdialekten og tynsetdialekten.

Kapittel 3 tek opp og diskuterer nokre av kjerneomgrepa i avhandlinga og presenterer også tidlegare forsking kring desse emna. Med utgangspunkt i den meir generelle forskinga og teoretiseringa kring språkleg variasjon og endring, er det særleg temaa *dialektnivellering*, *regionalisering* og framvekst av *regionale talemål* som blir drøfta i dette kapittelet. Eit anna sentralt omgrep som blir presentert og diskutert her, er det problematiske omgrepet *saliens*. Ved sidan av å klargjere korleis omgrepet blir brukt konkret i denne avhandlinga, vil eg også kommentere den varierande bruken av omgrepet i faglitteraturen.

Det fjerde kapittelet tek opp nokre generelle metodiske og til dels teoretiske spørsmål som gjeld korleis endringar i frammarsj kan studerast. Ein av hovudtesane innafor sosiolingvistikken, den at diakrone forhold kan avlesast synkront ved å granske generasjonsforskjellar, vil blant anna bli problematisert. Ungdom som språkendrings-agentar og problemet med livsfaseendringar i høve til ulike typar språklege innovasjonar og i høve til ulike samfunnstypar, vil også bli tatt opp her.

Kapittel 5 inneheld ein nokså brei diskusjon av det teoretiske og metodiske rammeverket for avhandlinga. I den teoretiske drøftinga vil eg trekkje inn både overordna sosiologiske samfunnsteoriar og individual- og sosialpsykologiske teoriar. Felles for desse teoriane er likevel at dei på ein eller annan måte sirklar kring fenomena *identitet* og *tilhørsle*. Eg vil for det første presentere teoriar som tek opp dei samfunnsstrukturelle endringane som det seinmoderne eller posttradisjonelle samfunnet har gått gjennom, og

som diskuterer kva for konsekvensar desse strukturendringane har for livsvilkåra og sjølv-identiteten til det postmoderne mennesket (jf. t.d. Giddens 1996, Hannerz 1996). Som motsats til dei tesane som blir sette fram innafor modernitetssosiologien, vil eg også presentere delar av tenkinga til den franske kultursosiologen Pierre Bourdieu, med særleg vekt på omgrepa *habitus*, *kapital* og *sosiale felt* (t.d. 1977, 1991, 1995). Vidare vil eg presentere og diskutere ulike teoriar som har vore henta inn i sosiolingvistikken via sosialpsykologien og antropologien, og som alle tek opp forholdet mellom språk og identitet. Det er identitetsprojeksjons-modellen (jf. LePage & Tabouret-Keller 1985), tilpassingsteorien (jf. t.d. Giles 1973, Giles & Smith 1979, Giles & Powesland 1997), den etnolingvistiske vitalitetsmodellen (jf. Giles, Bourish & Taylor 1977) og den sosiale nettverksteorien (jf. t.d. Milroy 1980, 2002). I tillegg til desse teoriane vil eg også ta opp teoriar frå samfunnsgeografien og antropologien som diskuterer omgrepa *stad, region og lokalitet*, og som tek opp spørsmålet om lokal kontra regional identitet (jf. t.d. Paasi 1986, Thuen 2003). Metodiske spørsmål som gjeld sjølve analysen av datamaterialet, vil bli presenterte og drøfta i slutten av dette kapittelet.

I kapittel 6 blir dei ulike prinsippa, ønska og krava som ligg til grunn for valet av dei språklege og sosiale variablane som blir granska i denne avhandlinga, presenterte og diskuterte. Dei femten språklege variablane er primært henta frå det fonologiske, morfologiske og leksikalske nivået. Dei tolv sosiale variablane består både av relativt velprøvde sosiolingvistiske variablar og av meir utradisjonelle sosiale dimensjonar.

I kapittel 7 blir sjølve innsamlinga og den vidare handsaminga av det empiriske datamaterialet drøfta. Både innsamlinga og den vidare vegen frå rådata til data – via transkripsjon, ekserpering og koding – har vore ganske omfattande og omstendeleg, og vil derfor bli drøfta nokså detaljert. Dessutan finn vi også i dette kapittelet ein kortfatta presentasjon av kvar enkelt av dei til saman 37 unge og vaksne informantane frå Røros og Tynset.

Dei tre neste kapitla, dvs. kapittel 8, 9 og 10, er alle analysekapittel. Det første av desse består av ein nokså lang og utførleg analyse av kvar enkelt av dei språklege variablane, der både intern- og eksternspråklege forhold blir trekte inn. Variantfordelinga av dei enkelte variablane blir primært sette opp mot dei sosiale variablane stad og kjønn, men også andre sosiale variablar blir trekte inn der det er relevant. Den individuelle fordelinga av variantar blir også analysert her for å avdekkje den inter- og intraindividuelle variasjonen for kvar av variablane. Hovudmålet er å kartleggje kva for endringstendensar som kan sporast blant dei unge på høvesvis Røros og Tynset, og vidare om desse

endringstendensane går i same eller i ulik retning på dei to plassane. Kapittelet inneheld også ein analyse av samvariasjonsrestriksjonar, dvs. ein analyse som har til mål å avdekkje om det finst visse restriksjonar mellom dei ulike språklege variablane på ordnivå, slik at nivellering av eit trekk med naudsyn vil føre med seg nivellering av eit anna trekk.

I kapittel 9 blir det empiriske materialet analysert vha. korrespondanseanalyse, som altså er ein multivariat statistisk analysemetode. Målet her er å sjå alle variabelkategoriane opp mot kvarandre for å avdekkje skjulte eller latente strukturar og relasjonar i datamaterialet. Eit anna mål med denne analysen er å generere nye forskingsspørsmål som kan danne grunnlaget for vidare teoretisk spekulasjon. Sidan korrespondanseanalysen er ein relativt ukjend analysemetode innafor sosiolingvistikken, blir metoden presentert nokså grundig. Sjølve analysane er også relativt detaljerte.

Det siste analysekapittelet består av nokså inngåande portrett av eit utval av dei unge informantane frå Røros og Tynset. Målet i denne delen av analysen er å eksemplifisere enkelte "klassiske" *typar* – som t.d. den karakteristiske dialektbevararen og den typiske dialektnivelleraren. Men det er også eit poeng å framstille personar som oppfører seg annleis språkleg sett enn den sosiale profilen deira skulle tilseie. Ideen med informant-portretta er å kome litt meir under huda på enkelte av informantane, for slik å få betre innsikt i kva for motivasjonar den enkelte kan ha for sine språkval og dermed få ei betre forståing for kva for prosessar som er verksame.

Det siste kapittelet i avhandlinga består av ein syntetiserande diskusjon av dei ulike funna som er gjort i avhandlinga. Spørsmålet om det er i ferd med å skje ei språkleg regionalisering eller ei språkleg standardisering av dialektane på høvesvis Røros og Tynset, vil bli oppsummert her.